

**Sakshandsamarar:** Arne Riisnes, Geir Sørebo og Svein Kvamsdal

**Bakgrunn:** Denne saka har vore utsett to gonger. Under felles soknerådsmøte i samband med bispevisitasen, ville nestleiar i fellesrådet utsetja denne saka eit år. Dette sidan han meinte det vil vera uråd å få ekstra midlar til dette frå kommunen, etter dei signal han hadde motteke. Til det svara bispen at det er betre å leggja dette fram for politikarane så snart som råd slik at ein får ei avklåring. Om ikkje, vil høgst sannsynleg bispedømerådet etter eit år måtta redusera prestetenesta for Gulen, Solund og Masfjorden med ytterlegare 50%, slik at dei då vil sitja at med berre 2 prestar til å dekkja dette enorme området. Bispen sa vidare at slik som situasjonen er no, med sterk reduksjon i løyvingane til kyrkja over statsbudsjettet, så vil det føra til at kyrkjerådet må redusera talet på prestar med opp til 70. Dette vil også få konsekvensar for Nordhordland prosti, men om dei tre kommunane gjev lønstilskot til ein halv prestestilling, (I dette tilfellet kr 350 000,00), så vil dei få ein prest kvar i 100 % stilling i alle fall for fire år framover. Oppmøtestaden for eventuell prest i Masfjorden vil vera Sandnes, men sidan buplikta er oppheva, har ein ingen garanti for at ein ny prest vil busetja seg her. Det vil i alle høve verta langt mindre tid som går vekk i reising i arbeidstida i forhold til noverande situasjon.

Sokneråda i Gulen reagerte også negativt på forslaget om å venta med og ta stilling til denne saka.

Ordføraren vår har også gjeve signal om han vil ha ei avgjerd frå fellesrådet i denne saka så snart som mogeleg, slik at han kan leggja dette fram for formannskap og kommunestyre.

#### **Kyrkjeverje sitt syn på denne saka:**

Slik prestesituasjonen no er, så har det negative verknadar for staben på kyrkjekontoret, for trusopplærar, for ungdoms- og konfirmantarbeidet, for dei som går til kyrkje regelmessig og for mange av dei eldre både dei som bur heime eller på sjukeheimen. Folk i Masfjorden ynskjer at presten kan vera meir til stades i mange samanhengar.

I tillegg er det eit altfor stort press på prestane som tenestegjer her. Dei strekkjer seg nok meir enn det som kan forventast av dei etter det timetalet dei har.

Etter kyrkjeverje si meining er det verdt pengane om berre ein av våre eldra slitarrar ved slutten av livet kan få erstatta sin angst for dauden med fred i sjela ved at presten har tid til å koma på vitjing med nattverd og bøn. Nokon kvar av oss kan måtta oppleve å få behov for dette i framtida..

Realistisk sett, om lønstilskotet vert ein realitet, kan vi kanskje ikkje venta at vi vil få ein prest som vil busetja seg i Masfjorden eller vil vera her i mange år, men når presten har oppmøteplass på Sandnes, vil situasjonen verta langt betre enn den er no.

Når det gjeld finansiering, så bør det vera mogeleg å få dette til utan at kommunen bidreg med alt. For eksempel så ligg vi 50 kr under i årleg festeavgift i forhold til kommunane som har nest lågast festeavgift i Nordhordland prosti, Austrheim og Gulen. Vi har også i dei siste åra budsjettert med mindre inntekter frå festeavgifter enn det vi har fått inn.

Vi kan i dette møtet i fellesrådet gjere eit vedtak på å auke festeavgiftene slik at vi er meir i harmoni med andre kommunar i prostiet.

Når det gjeld Masfjordingen, så har bladpengane i over eit tiår lege på kr 100,00 pr. år, eg vil føreslå ei auke opp til kr 125,00.

**Offersøknader:** Slik som stoda er no, meiner eg at vi må tenkja meir på kristenlivet lokalt enn nasjonalt eller globalt, mitt forslag er at fellesrådet ber sokneråda om at tre ofringar kvart år vil ha som føremål lønstilskot til prest. Vert kyrkja i Masfjorden styrka, vil

*det likevel verta fleire ofringar sidan det vert fleire gudstenester, slik at dei organisasjonane det vert ofra til i dag, også kan få offer i framtida.*

*Gjevarteneste. I visitasføredraget nemnte bispem i Masfjorden ikkje har organisert gjevarteneste i motsetnad til sokna i Gulen kommune. Kyrkjeverje meiner at om fellesrådet vil, kan vi senda ut ein førespurnad til medlemne i kyrkja om dei kan vera viljuge til å vera med i ei fast gjevarteneste.*

*Enøk: Det er mogeleg å redusera utgiftene til straum endå meir enn no med å skifta ut vindaugo i Frøyset og Solheim kyrkjer. Kyrkjeverje er i dialog med bispedømerådet om dette.*

*I sak 41/16 har eg laga eit utkast til budsjett 2017, der eg under teneste 12000, kyrkja, har auka opp inntekta frå kommunen med kr 41 903,00. Om det skulle verta ein realitet at vi får tilsett ein prest i Masfjorden i 2017, så er det vel ikkje realistisk at vedkomande kan tiltre før etter ferien.*

***Prosten** har også skriva brev til kommunane og fellesrådet der har sterkt oppmodar til at kommunane går inn med midlar slik at dette kan verta ein realitet, sjå vedlegg,*

***Gulen kyrkjelege fellesråd** meiner at dei tre kommunane må dela likt, slikt at ekstrakostnadane for å få tre fulle prestestillingar i kvar av dei tre kommunane, vil vera 116 667,00. Dei vil sjå på dette som eit prosjekt som går over 4 år der dei vil bruka kr 60 000 frå eit trusopplæringsfond og så be kommunen om ei ekstraløyving på kr 56 667,00 pr. år, sjå vedlegg. Kyrkjeverja i Gulen sa likevel på det felles soknerådsmøtet som vart halde under visitasen, at dei kan endra vedtaket sitt.*

*Masfjorden kyrkjelege fellesråd bør i dette møtet gjera eit vedtak i denne saka, slik at vi deretter kan presentera dette vidare til Masfjorden kommune for om mogeleg få deira tilslutnad til å løyva ekstra. Både rådmann og ordførar ventar på eit slikt vedtak.*

**Forslag til vedtak:** Fellesrådet støttar bispedømet sitt forslag om å gje lønstilskot i lag med Gulen og Solund slik at vi kan få tilbake ein prest i kvar av desse kommunane. Fellesrådet støttar forslaga til kyrkjeverje med omsyn til finansiering. Fellesrådet støttar i utgangspunktet bispedømet sitt fordelingsforslag som går ut på at fellesråda i Gulen og Masfjorden løyver kr 140 000,00 kvar og Solund kroner 70 000,00. Dette i solidaritet med Solund fellesråd. MKF godkjenner vidare at i budsjettet for 2017 under teneste 12000 kyrkjer, har kyrkjeverje lagt inn ein auke i inntektene frå kommunen under konto 18300 med kroner 41 903,00. For åra etter 2017 vil fellesrådet be om at kommunen vil bidra med eit årleg tilskot på kroner 80 000,00 og at dei resterande kr 60 000,00 vert dekkja inn ved andre inntekter, mellom anna festeavgifter, bladpengar, offer i kyrkjene, fast gjevarteneste, enøk m.m.

*Fellesrådet går vidare inn for at midlar som vil verta sett av til delfinansiering av ei halv prestestilling i budsjettet for 2017, vert knytt til fylgjande føresetnader :*

- Fast oppmøteplass for den nye soknepresten vert Masfjordnes.*
- Innan utlysinga går ut, skal prosten i samarbeid med fellesråda gjennomgå organisering og oppgåvefordeling for prestane i Nordhordland prosti.*
- I løpet av året 2017 skal det gjerast avtalar mellom kommunane om eventuelt framhald av ordninga gjennom prosjektperioden, og fordeling av lønskostnadane for resten av prosjektperioden. Eventuelle skeivfordelingar i 2017 vert kompensert for i 2018.*

- *Dersom det ikkje vert tilsett nokon i stillinga, skal unytta lønsmidlar gå til trusopplæringsarbeidet i Masfjorden.*
- *Dersom det er klart at ein ikkje får tilsett nokon i den nye stillinga, skal organiseringa av arbeidet for prestane i Gulen, Masfjorden og Solund evaluerast og eventuelt justerast innan utgangen av 2017. Ein skal då leggje til grunn at kommunane beheld dei presteressursane dei i dag har.*

**Vedtak:** Fellesrådet støttar bispedømet sitt forslag om å gje lønstilskot i lag med Gulen og Solund slik at vi kan få tilbake ein prest i kvar av desse kommunane. Fellesrådet støttar forslaga til kyrkjeverje med omsyn til finansiering. Fellesrådet støttar i utgangspunktet bispedømet sitt fordelingsforslag som går ut på at fellesråda i Gulen og Masfjorden løyver kr 140 000,00 kvar og Solund kroner 70 000,00. Dette i solidaritet med Solund fellesråd. MKF godkjenner vidare at i budsjettet for 2017 under teneste 12000 kyrkjer, har kyrkjeverje lagt inn ein auke i inntektene frå kommunen under konto 18300 med kroner 41 903,00. For åra etter 2017 vil fellesrådet be om at kommunen vil bidra med eit årleg tilskot på kroner 80 000,00 og at dei resterande kr 60 000,00 vert dekkja inn ved andre inntekter, mellom anna festeavgifter, bladpengar, offer i kyrkjene, fast gjevarteneste, enøk m.m.

*Fellesrådet går vidare inn for at midlar som vil verta sett av til delfinansiering av ei halv prestestilling i budsjettet for 2017, vert knytt til fylgjande føresetnader :*

- *Fast oppmøteplass for den nye soknepresten vert Masfjordnes.*
- *Innan utlysinga går ut, skal prosten i samarbeid med fellesråda gjennomgå organisering og oppgåvefordeling for prestane i Gulen, Masfjorden og Solund.*
- *I løpet av året 2017 skal det gjerast avtalar mellom kommunane om fordeling av lønskostnadane for resten av prosjektperioden. Eventuelle skeivfordelingar i 2017 vert kompensert for i 2018.*
- *Dersom det ikkje vert tilsett nokon i stillinga, skal unytta lønsmidlar gå til trusopplæringsarbeidet i Masfjorden.*
- *Dersom det er klart at ein ikkje får tilsett nokon i den nye stillinga, skal organiseringa av arbeidet for prestane i Gulen, Masfjorden og Solund evaluerast og eventuelt justerast innan utgangen av 2017. Ein skal då leggje til grunn at kommunane beheld dei presteressursane dei i dag har.*
- *I løpet av prosjektperioden må ordninga evaluerast med tanke på eventuelt framhald etter 31.12.2020*